

Industrimannen som vart kunstnar som pensjonist

Samson Lid drøymde ikkje om å verta skulptør då han pensjonerte seg for eit par år sidan. Det var dotter hans som ville han skulle prøva seg. Ho kjøpte leire og utstyr, og det var starten til ein kunstnarleg aktivitet som på kort tid har resultert i ei lang rekkje keramikk-skulpturar.

Olav Bjørkum

På eit vis er Samson Lid atende der han tok til for femti år sidan — som møbelsnikkar. Den gongen lærde han både å dreia og skjera detaljar til møblar. Det var renessanseformene som var på moten. Møblar skulle lakkast då som no. Ingen tenkte, eller visste, at lakken var farleg. Arbeidsmiljø var eit ukjent ord på den tid. Samson vart forgifta og hamna på sjukehus.

Kjetting-suksess

I 1948 tok han til å laga iskjettingar til sykkel. Produktet vart ein suksess. Grunnlaget til Lid Jarnindustri var lagt.

Samson Lid fekk rikeleg høve til å utvikla sine mekaniske interesser. Innimellom greip han til penselen og laga nokre målarstykke. Men først no, som pensjonist, kan han for alvor utvikla skaparevna. Den er det aldri for seint å gjera noko med.

Jordnære

Det er ikkje den frie tankens flukt som merkjer arbeida til Samson Lid, ingen abstrakte former som strekkjer seg mot uskjønelege høgder. Figurane hans verkar snusfornuftige og jordnære, heilt i pakt med material og farge. Fram stig folket i Steinsdalen, dei gamle karane og kvenda. Nokre lever framleis, andre er borte. Smeden ved ambolten, politikarane i drøs med kvarandre, emissæren. Kraftige arbeidsnevar og markerte

andletsdrag greier ikkje løyna glimtet i auga, og Samson har ikkje gjort noko for å unngå det heller.

Må tåla litt

— Men eg har ikkje lyst til å karrikera folk, endå det kunne vore freistande stundom. Politikarane må likevel tåla litt humor, seier Samson.

Det har han prøvt å få med i ein skulptur av to personar i ein robåt. Samson kallar det bidevind. Om ikkje likskapen er så stor, så er det tidlegare ordførar Leif Galtung i Jondal som sit i rongra medan kona hans, noverande ordførar Bjørg Hope Galtung, har teke over årane. Skulpturen vart laga i all hast til handverksmessa i Jondal i sommar.

Må ha bilete

— Eg vil gjerne vera naturalist. Leira er takksam å arbeida med i så måte. Eg kan setja arbeidet til sides og ta det att. Kroppshaldningane får eg bra til, verre er det med and-

letsdraga. Det vert ikkje skikk på det eg lagar etter minnet eller fantasien. Eg må ha eit foto eller målarstykke å arbeida ut frå, helst same personen frå to sider, seier Samson.

Den vesle mannen som andaktsfullt faldar hendene er henta frå «Haugianere» av Adolf Tidemand. Han heitte Baard Mo og var steinsdøl god som nokon. Lensmann var han òg. Modellen av Hans Nielsen Hauge er henta frå same målarstykket.

Fri kultur-arbeidar

Samson Lid meiner at han på sin måte tek vare på den lokale kulturhistoria når han modellerar kjentfolk i bygda. Personar vert borte, det same vert yrke og måten å kle seg på og tē seg på. Den gamle politikaren var ein annan type enn i dag.

Samson Lid sel ikkje skulpturane sine, endå det er vorte mange av dei etter kvart. Han er redd for presset med tingingar, avtalar og fristar.



Samson Lid med den siste modellen sin, ei namnlaus jente som han fann bilete av i ei avis.

Det har han hatt nok av. Han har ikkje gjort anna enn arbeida, eta og sova heile livet. No er han endeleg fri. Han har sagt frå seg alt som har med Lid jarnindustri å gjera, både vervet som styreformann og alle aksjane.

Må pusla med noko

Gjennomsnittleg lagar han ein modell i veka, og det er vondt å gje frå seg ting så

lenge det finst berre ein av kvar. Han får eit forhold til kvart av sine små skaparverk.

Trass eit liv i slit kan han ikkje tenkja seg å sitja med hendene i fanget. Då dottera dytta på han modelleringa kunne han ikkje noko om det. Han fekk det ikkje til og gjekk til bilethoggaren Øystein Laupsa for å få greie på kva han gjorde gale. Enno har han mykje å læra — kanskje

litt glasering hadde gjort seg.

Gje ikkje opp!

— Diverre er det mange som «gjev opp» etter dei er vortne pensjonistar. Dei bør prøva å ta opp att interesser som vart lagde til sides i yrkesaktiv alder. Mange har initiativ og krefter. Særleg på bygdene bør det ikkje vera noko

(Framh. siste sida.)

Industrimannen — (Framh. frå s. 1.)



Ing-Ola (Ola Steine) var ein av dei mest kjende menn i Steinsdalen for ein del år sidan. Han var med i det første elevkullet på Stend jordbruksskule, og praktiserte som dyrlege i bygda ein mannsalder. Her er han forma i avslappa positur mot ein stabbestein.

problem for rørige eldre å finna noko meiningsfylt å ta seg til. Også dei kan nytta naturen mykje meir.

No lever eg livet, fri frå jaget. Eg kan ta dag for dag, utan langsiktig program. Og

likevel går dagane som ein røyk, både når eg er på fjorden og i verkstaden, seier Samson Lid.

Ei utstilling av arbeida hans er framleis å sjå i Sparebanken Vest i Norhiemsund.